

STATUTTAR FOR BYGGESKIKKPRISEN FOR KVAM HERAD

Føremål

Byggeskikkprisen for Kvam herad, vedtatt den: 07.5.19, er ein heiderspris for byggverk og bygde omgjevnadar som igjennom arkitektuttrykk, utføring, materialbruk, gjennomføring av utanomhusareal og utvikling av nærmiljø bidreg til å heva, fornya og utvikla den ålmenne byggeskikken på staden, og gjer Kvam til ein god kommune å bu og virka i.

Prisen vert gjeven til bygg og uteanlegg i kommunen, som gjennom si utforming til staden og omgjevnadane, avspeglar respekt for verdiar i landskap, stadeigne byggetradisjonar, einskildvis, i grupperingar eller i tilpassing til eksisterande busetnad, og som evnar å framstå som førebilete for framtida. Miljøomsyn og universell utforming og kvalitet i materialbruk skal vektleggjast.

Kvalitet:

- *Gode bygg og område som stimulerer til kontakt, aktivitet og opplevingar*
- *Gode bygg og område som gjev gode lystilhøve og utsyn*
- *Gode bygg og område som gjev god luftkvalitet og låg støybelastning*
- *Gode bygg og område som tek vare på sikkerheita*
- *Gode bygg og område som tek vare på godt tilgjenge til og på staden*
- *Gode bygg og område som har lang levetid*
- *Gode bygg og område som gjev smart utnytting av areala*
- *Gode bygg og område som utnyttar energien godt*
- *Gode bygg og område med god energiutnytting og med låge klimautslepp*
- *Godebygg og område som gjev låge drifts- og vedlikehaldskostnader*

Prisen

Byggeskikkpris for Kvam herad er ein plakett med innskrift som skal setjast på eller i anlegget og diplom til prisvinnaren/prisvinnarane.

Innstillingskriterier

Alle kan innstilla kandidatar til prisen. Innstilte prosjekt må liggja innafor Kvam herad sine grenser, og må vera ferdigstilte innan dei fem siste åra.

Offentleggjering

Publikum og fagmiljø skal verta informert om prisen. Ved utlysing på Kvam herad sine nettsider og lokalavisa skal alle verta oppmoda om å komma med forslag til kandidatar. Offentleggjering skal skje i heradsstyret i desember og seinare igjennom lokalavis og Kvam herad sine nettsider.

Jury

Juryen skal ha fire medlemmar med personlege varamedlemmar.

Oppnemning av jury

Rådmannen peikar ut sine representantar i frå administrasjonen, jf juryen sine medlemmar.. Fagperson i frå Norske arkitektars landsforbund (NAL) eller Norske landskapsarkitektars (NLA) vert kontakta av rådmannen i Kvam. Det skal vera minst ei kvinne/ein mann i juryen.

Juryen sin medlemmar.

- Plan og byggesakssjef - og varamedlem (leiar for juryen)
- Samfunns- og utviklingssjef –og varamedlem
- Sivilarkitekt/landskapsarkitekt – og varamedlem
- Representant frå plan- og byggesaksavdelinga – og varamedlem (fungerer også som sekretær)

Juryen sin oppgåver, ansvar og plikter

- Om eit jurymedlem ikkje kan ivareta sine oppgåver, skal det veljast eit nytt medlem.
- Juryen kan velja i tillegg til innsendte forslag, å innhenta grunnjevne forslag frå einskildpersonar, organisasjonar og faginstansar
- Juryen har høve til å nytta rådgjevarar
- Dømminga skal gjennomførast i medhald til prisen sitt føremål og utlysingstekst.
- Juryen skal gje ein skriftleg uttale for valet av prisvinnar. Oversikt over alle innkomne forslag skal liggja ved. Uttalen skal vera underskriven av samtlege jurymedlemmar.
- Juryen skal dela ut prisen på heradsstyremøte i desember
- Juryen kan sjølve velja årlege tema

Funksjonstid

Retningslinene for byggeskikkprisen skal vurderast ein gong i kvar heradsstyreperiode

Sekretariat

Sekretærfunksjonen for juryen vert lagt til plan- og byggesaksavdelinga i Kvam herad

Sekretariatet sin oppgåver.

Ut i frå innstilte prosjekt skal sekretariatet utarbeida ei liste over aktuelle kandidatar. Kandidatar som ikkje oppfyller kravet til prisen sitt innhald, innstillingskriterier eller som ikkje er formelt ferdigstilt, skal avvisast.

Gje informasjon om prisen til publikum og fagmiljø

Finansiering

Alle utgifter i samband med juryen sitt arbeid og utdeling av prisen skal dekkast av Kvam herad.

Endring av statuttar

Statuttane kan berre endrast etter vedtak i heradsstyret.